

## Kongsgarden Historisk Formidlingssenter

### Til Fitjar kommune

#### Innspel i samband med høyring om planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040

Me har i nokre år arbeidd med eit identitetsskapande prosjekt for Fitjar-samfunnet basert på den rike historia til bygda. Heilt konkret er vårt mål å gjenreisa den gamle steinkyrkja frå 1000-talet og i tilknytning til denne etablere eit historisk formidlingssenter. Fitjar kommune er som kjent medlem i Foreininga Kongsgarden Historisk Formidlingssenter – saman med fleire lag og organisasjonar.

Me er opptekne av at dei måla som er nedfelt i foreininga sitt arbeid vert innpassa i Kommuneplanen sin samfunnsdel. Basis for vårt arbeid er nedfelt i vedlagde notat.

Det er med interesse me les planprogrammet for ny samfunnsdel i kommuneplanen. Me er også glade for at ein legg opp til høg grad av medverknad frå innbyggjarane i denne prosessen.

Det me har på hjarta i denne samanhengen er korleis me kan få fram ein tydeleg strategi for arbeidet med å fremja det historiske Fitjar. Me meiner at den spanande historien til bygda vår kan vera med å tydeleggjera både det unike ved kommunen vår og samstundes vera eit identitetsskapande grunnlag for samhald, trivsel, nyskaping og næringsverksemd.

Det er etter vår oppfatning stor interesse og vilje til å synleggjera det historiske Fitjar i den mangslungne friviljug-sektoren som me har i Fitjar. Representantar for kommunen har også i ulike samanhengar formulert ynskje om framheving av bygda sitt særpreg gjennom å visa fram dei historiske røtene.

Me saknar likevel ein tydeleg strategi for satsing på dette området. Me har t.d. ein flott kulturminneplan, men manglar ein overordna kulturplan som kan foreslå tiltak og sjå framover. Kanskje det kan koma som ein følgje av arbeidet med kommuneplanen?

Me vil difor peika på følgjande som gjeld sjølve framlegget til planprogram for samfunnsdelen:  
-Det fyrste gjeld ynskjet om ein visjon som kan vera grunnlaget for ulike hovudtema i planen. Me vil gjerne foreslå ein noko utvida visjon i høve til framlegget: «Historie, samtid og framtid. Fitjar -**natur**legvis».

-Det andre er utarbeiding av eit hovudtema som følgje av visjonen: «-Fitjar frå fortid til framtid»  
Eit slikt hovudtema vil i stor grad kunna vera med å svara spørsmåla som er skissert i kap 4;  
Kven er me? Kva er me stolte av? Kva er våre fortrinn? Korleis ynskjer me å stå fram om 30-100 år?

Me kjem gjerne tilbake med meir konkrete framlegg til innhald når arbeidet med samfunnsdelen er igangsett. Lukke til med viktig og spanande arbeid!

For Arbeidsgruppa for Kongsgarden Historisk Formidlingssenter:

Bjørn Haaland  
Eilif Bjørge  
Johannes Sandvik